



Metoderapport SKUP 2022

Dei skjulte steinhoggarane

Maren Kvamme Hagen og Inger Karin Raknerud

INPK

Innhald

1: Innleiing	2
2: Tre namn i ei bok	2
2.1: Ideen	2
2.2: Kontakt med Vigelandmuseet	3
2.3: Samarbeid	3
2.4: Innleiiande research	4
3: Personresearch	4
3.1: Nordmannen	4
3.2: Svensken	6
3.3: Dansken	7
3.4: Djup research	7
4: Tematisk research	8
4.1: Oslo Byarkiv	8
4.2: Arbeiderbevegelsens arkiv	8
4.3: Vigelandmuseets arkiv	9
4.4: Besøk hos steinhoggeri	10
4.5: Observasjon i Vigelandsparken	10
5: Dødsårsak	10
5.1: Oslo universitetssjukehus	11
5.2: Andre søk	11
5.3: Avslag frå OUS	12
5.4: Rikstrygdeverket	12
5.5: Klage til Statsforvalteren	12
5.6: Løysinga	13
5.7: Medisinske ekspertar	14
5.8: Eit spørsmål av prinsipiell interesse	14
6: Etikk og faktasjekk	15
6.1: Ville dei bli kjent?	15
6.2: Diagnostisering av 80 år gamle dødsfall	15
6.3: Faktasjekk	16
7: Formidling	16
7.1: Visuelt	16
7.2: Frå leksikon til historie	17
7.3: Éi forteljing kontra publiseringsløp	17
8: Konsekvensar	17
Vedlegg	19

Innsendarar:

Maren Kvamme Hagen	maren.kvamme.hagen@nrk.no	41 56 19 73
Inger Karin Raknerud	inger.karin.raknerud@nrk.no	41 42 86 87

Tittel på prosjektet: Dei skjulte steinhoggarane

Lenke: <https://www.nrk.no/kultur/xl/i-skuggen-av-gustav-vigeland-brukte-tre-steinhoggarar-14-ar-pa-monolitten-1.15940146>

Redaksjon: NRK Kultur

Publisert frå 3. juli 2022.

Takk til: Magne Hansen, Ragnhild Laukholm Sandvik, Oddvin Aune, Ole Kristian Årdal, Helene Hillestad, Rune Håkonsen, Hans Petter Blom, Bente Lea Dorås, Jon Krosby, Nima Taheri, Ingeborg Rygh Hjorten, Mads Støstad, Martin Skjæraasen, Andrea Kvamme Hagen og Anne-Kari Lang-Ree (alle NRK). Norsk Presseforbunds Sindre Granly Meldalen. Rådgiver Patricia Haeck hos Arkivverket Oslo for søk og gjenfinning av dokumentasjon.

Vedlegg: Publiseringsoversikt.

1: Innleiing

Vigelandsparken er eit av Noregs største turistmål, og krumtappen blant dei mange statuane er Monolitten. Historieforteljinga om denne har heilt sidan starten handla om éin mann, kunstnaren Gustav Vigeland.

Knapt nokon annan kunstnar er så godt løfta fram i Noreg, med eige museum finansiert av Oslo kommune og tallause biografiar. Sidan opprettinga av Vigelandmuseet i 1947 har kommunen brukt mange millionar på formidlinga av arven etter Gustav Vigeland.

Få har visst at tre steinhoggarar brukte 14 år på å hogge ut skulpturen under harde forhold. Denne delen av norsk kulturhistorie har ikkje vore tilgjengeleg for folk. Ved å endre hovudperson ville vi utfordre den etablerte forteljinga om Monolitten. Vi ville finne ut kven steinhoggarane var, for å løfte dei fram frå gløymselen.

Gjennom ein kombinasjon av slektsforskning, innsyn og journalistisk metode leita vi fram nordmannen, dansken og svensken. Det vi fann, stod i sterk kontrast til meisterverket dei bygde og Vigelands posisjon. Ingen – heller ikkje slektningane – har visst kva som skjedde med steinhoggarane. Artikkelen [«Dei skjulte steinhoggarane»](#) avdekte at steinhoggarane jobba med stor risiko for eiga helse. Minst éin av dei utvikla steinlunge, ein dødeleg sjukdom, i etterkant.

Å finne ut kven steinhoggarane var, blei samtidig eit verktøy for å løfte eit større tema om kven vi verdset i kunsthistoria. Kva historier fortel vi om kunsten vi ser rundt oss? Kven går inn i historia som heltar, og kven blir gløymt?

Ved å grave fram tre ukjente skjebnar, kombinert med kreativ historieforteljing, har NRK gitt nytt perspektiv på ein sentral del av norsk kulturhistorie.

2: Tre namn i ei bok

2.1: Ideen

I 2021 bladde journalist Maren Kvamme Hagen i ein biografi over Gustav Vigeland. Blikket stoppa opp ved eit foto av tre menn i saueskinnspele og luer. Biletteksten fortalte at ein nordmann, svenske og danske hogde ut Monolitten gjennom 14 år.

Hagen stussa på at ho aldri hadde høyrte om dette før. Nokre kjappe søk i aviser, leksikon og på Google bekrefta mistanken – steinhoggarane var gløymt.

Kven var desse mennene?

Hagen blei nysgjerrig og noterte ideen på mobilen, men let han liggje i nesten eitt år. Som journalist i ein redaksjon som driv med løpande publisering av featurestoff, ikkje gravesaker, lurte ho på om dette var rett stad å presentere ideen. Nysgjerrigheita trumfa til slutt dei praktiske spørsmål og ideen blei presentert på eit redaksjonsmøte i januar 2022. Utgangspunktet vart: Finn ut så mykje som mogleg om dei tre steinhoggarane, så stolar vi på at historia kjem til syne etter kvart.

Frå Vigeland-biografien hadde vi tre namn og nasjonalitetar å gå etter: Nordmannen Ivar Broe, svensken Nils Jönsson og dansken Karl Kjær.

2.2: Kontakt med Vigelandmuseet

Det første Hagen gjorde, var å kontakte Vigelandmuseet. Der var det utskifting av personale og ho var innoom tre ulike personar før svaret kom på e-post: «Vi vet dessverre lite om Vigelands steinhuggere.»

Dette i seg sjølv var overraskande, all den tid Vigelandmuseet er den einaste dedikerte faginstitusjonen på Vigeland og parken. Samtidig kunne det vere lett å tenkje, gitt museets autoritet, at neivel, då *finst* det ikkje informasjon om steinhoggarane. Når Hagen likevel gjekk vidare med ideen, var det fordi ho hadde erfart at det finst kjelder og arkivinformasjon som museum og kunsthistorikarar har oversett, sjølv når det gjeld våre største kunstnarar. [I arbeidet med ein artikkel om Edvard Munchs krigstid i 2020](#) hadde ho gjort fleire nye funn i Oslo Byarkiv og Arkivverket.

Vi følgde opp med ein telefon til Vigelandmuseet. Var dei sikre på at dei ikkje sat på *noko* bilete eller informasjon som kunne kaste lys over steinhoggarane?

Vi fekk opplyst at museets fotosamling låg tilgjengeleg på deira nettside og at museet hadde eit fysisk arkiv med Vigelands brev og notat. Vi noterte at vi ville titte på dette sjølv etter kvart.

Potensialet for å gjere nye funn vart vurdert som stort, men spørsmåla var også mange. Hagen trengte ein makker.

2.3: Samarbeid

Eit samarbeid med researcher Inger Karin Raknerud frå NRKs Researchsenter blei oppretta. Raknerud har tidlegare jobba på TV-programmet «Ukjent arving» og har spesialkompetanse på å grave fram ukjente folk frå historia. Vi ville kombinere journalistisk metode med slektsforskning og arkivssøk for å finne ut mest mogleg om steinhoggarane.

Først handla det om å vurdere om det i det heile tatt var mogleg å finne nok informasjon til å fortelje historia, og kva som var realistisk tidsperspektiv. Vi hadde ikkje ein gong fødsels- og dødsdato til steinhoggarane. Etterkomarane deira hadde aldri blitt leita fram og intervjuja.

Prosjektet var bygd på ein utforskande metode, der vi jobba etter spørsmålet: Kven var steinhoggarane? Kvar bit av informasjon vi fann, brukte vi til å finne nye opplysningar. Alt som kunne hjelpe oss med å finne ut korleis steinhoggarane levde og jobba, var verktøy vi kunne ta i bruk. Vi oppretta eit felles Word-dokument og ei mappe der vi kunne leggje inn informasjon fortløpande.

Store delar av researcharbeidet byggjer på bruk av opne kjelder. Det finst ikkje éin skurk som har halde ting skjult og må gå av. Likevel ligg det eit omfattande gravearbeid bak historia om steinhoggarane. Vi hadde ingen ekspert eller institusjon som overordna kunne leie oss til kvar historia om steinhoggarane og Monolitten låg. Vi måtte sjølv bli ekspertar på temaet og henta informasjon frå eit mylder av ulike kjelder: arkiv, slektingar, ekspertar, litteratur, besøk i steinhoggeri og parken, fotografi og statistikk.

Vi starta arbeidet med saka i januar 2022 og publiserte i juli 2022. Begge jobba med andre saker ved sidan av. Vi stod begge for research- og innsynsarbeid. Hagen gjorde alle intervju og heldt i historieforteljinga.

2.4: Innleiande research

Vigelandmuseet hadde tipsa oss om å ta kontakt med Enningdalen og Idd Historielag, der monolittsteinen kom frå. Via historielaget fekk vi kontakt med lokalhistorikar og steineksperert Svein Norheim i Halden. Han fortalte på telefon at han hadde intervjuet bror til ein av steinhoggarane på 1970-talet. Norheim blei ei viktig kjelde som vi kunne ringe til med spørsmål undervegs i prosessen.

Etter samtalen noterte Hagen dette i ein e-post til Raknerud: «Lokalhistorikaren kom også med ei anna interessant opplysning: At silikose var ein utbreitt lungesjukdom blant steinhoggarar, ofte berre kalla steinlunge. Etter å ha jobba på Monolitten i 14 år – kan nordmannen og/eller nokre av dei andre ha døydd av dette? Vi får sjå om vi finn svaret på det.»

Før vi kom så langt, handla det om å finne steinhoggarane si livshistorie.

3: Personresearch

Korleis grave fram tre ukjente personar frå historia?

For å få oversikt over deira liv og oppvekst må ein søkje i forskjellige kjelder som kan gi eit heilskapleg bilete av personane sine livsløp.

Vi hadde namna på dei tre steinhoggarane og visste at dei hadde budd i Oslo i åra 1929-1943, då dei jobba på Monolitten. Dette var utgangspunktet for dei første søka. I og med at det var snakk om ein nordmann, ein svenske og ein danske, blei framgangsmåten justert for kvar person.

3.1: Nordmannen

Oslo kommune har svært gode register over sine innbyggjarar med hyppige folketeljingar. Ivar Broe byrja å jobbe hos Vigeland i Oslo i 1929. Det blei naturleg å starte med folketeljinga som låg nærmast i tid. På nettsida til Noregs største foreining for slektsforskarar, [Slekt og data](#), ligg Folketeljinga for Kristiania av 1923. Vi søkte på Ivar Broe og fekk eit treff som gav oss fullt namn, fødselsdato, yrke, adresse og sivilstatus. Her såg vi at han var registrert under namnet Karl Ivar Broe, sjølv om han elles blir omtala som Ivar. Ettersom yrket var oppgitt å vere steinhoggar, visste vi no at vi hadde rett person. Etternamnet Broe er sjeldan i Noreg, og vi fann difor raskt treff på også andre i familien. Familien viste seg å vere ein stor steinhoggarfamilie.

Deretter gjorde vi søk på Broe gjennom namn, fødsels- og dødsdato i [Digitalarkivet](#). Denne nettstaden er drifta av Arkivverket og inneheld mellom anna statlege folketeljingar, kyrkjebøker og adressebøker. Her fekk vi treff på Broe i 1921, då han gifta seg, samt at vi kunne følgje korleis han hadde flytta rundt i Oslo. I adressebøkene er det registrert både og yrke og arbeidsplass bak namnet, dermed fann vi ut kvar Ivar Broe arbeida før han byrja å jobbe for Vigeland. Vi søkte vidare i Nasjonalbibliotekets avisdatabase på arbeidsplassane for å få større forståing av korleis han jobba seg opp til toppen.

Treffa vi fekk, gjekk ikkje lenger tilbake enn Broes ungdom. Kvar hadde Ivar Broe og familien vore før dette? Vi tenkte at dei kanskje hadde budd ein annan stad enn Oslo. For å kunne følgje Broe lenger tilbake i tid, søkte vi i statelege folketeljingar og kyrkjebøker, også gjennom Digitalarkivet, men vi fekk ikkje treff.

Ved å teste ulike kombinasjonar av søkeord basert på informasjonen vi fekk i folketeljinga av 1923, som fornamn kombinert med fødselsdato, fann vi familien til slutt under namnet «Bro» i Iddefjorden. Det viste seg at familien før 1910 var registrert som Bro utan e. Vi lærte no at Ivar Broe kom frå same område som monolittsteinen.

Vi fekk også treff på Bro i ei innflyttarliste i Østfolds kyrkjebøker. Her lærte vi at Ivar Broe var son av ein svensk innvandrar, at familien flytta ein del rundt i landet, og at han hadde ein stor syskenflokk. Det gjorde også håpet om å finne slektningar større.

Samtidig søkte vi innsyn i Arkivverket etter Broes hovudregisterkort. Dette blei gjort ved at vi fylte ut skjemaet «Andre henvendelser» på [Arkivverkets nettstad](#). Her la vi ved informasjonen vi hadde om personens namn, fødsels- og dødsdato. Raknerud visste om denne moglegheita fordi ho hadde nytta den i research fleire gongar tidlegare. Hovudregisterkortet gir ei slags livshistorie med opplysningar om personens fødsel og dødsdato, giftemål, barn, adressehistorikk og arbeidsplass. Det er same type opplysningar som vi i dag finn i Folkeregisteret. Skatteetaten har avlevert ein del gamle hovudregisterkort til Arkivverket, men ikkje alle. Her måtte dei tilsette leite ein del før dei fann kortet, som vi deretter fekk tilsendt på e-post.

Vi sende også ein innsynsførespurnad til Arkivverket om skifteopplysningane til personane. Her argumenterte vi for innsyn ved å vise til saka vi skulle skrive og at vi hadde kontakt med etterkomarar etter steinhoggarane. Koronapandemi, sjukdom hos Arkivverket og vinterferietid gjorde at det tok tid å få tilgang til skifteopplysningane. Likevel gjorde god kommunikasjon med Arkivverket at vi var trygge på at vi ville få ut dokumenta så snart riktige personar var tilbake på jobb. 14. mars hadde vi også desse opplysningane tilgjengeleg. Dermed hadde vi bekrefta at Broe ikkje fekk egne barn.

Vi tenkte likevel at vi kunne finne slektningar ved å undersøkje kven som var festar på grava hans. Vi søkte i gravminnebasen [begravdeioslo.no](#) og [Slekt og datas gravminnebase](#) etter Ivar Broe, hans ektefelle og hans foreldre. Problemet var berre at vi ikkje fekk treff, denne gongen verken på Broe eller Bro.

Gjennom våre tidlegare søk hadde vi fått god oversikt over syskena hans. Kunne nokre av dei vere gravlagt i Oslo? Vi søkte i Nasjonalbibliotekets avisdatabase etter dødsannonsane deira og fann ut at ja, fleire var gravlagt her. Så kontakta vi Gravferdsetaten i Oslo kommune og fekk namn på festar på ei av gravene. Vi sjekka namnet opp mot Folkeregisteret, pårørande oppgitt i dødsannonsane og 1881.no, og såg at vi no hadde funne ei niese av Ivar Broe. Vi kontakta henne. Ho ville gjerne bidra til historia, samt at ho hadde ein bror og ei syster som hugsa onkel Ivar. Dette var eit gjennombrøt.

Familien bidrog med førstehandsinformasjon om onkelen som gjorde oss i betre stand til å skildre han. Ikkje minst bidrog dei med å finne fram mange personlege fotos. Dei sette oss også på sporet av sjukdom i samband med arbeidet, då dei hevda at onkelen hadde slitt med steinlunge, ein dødeleg sjukdom forårsaka av steinstøv.

31. januar 2022 skreiv Hagen i ein e-post til Raknerud at ho no er sikker på at det blir sak, men «spørsmålet er tidsperspektiv, kor lenge vi skal grave».

3.2: Svensken

Nils Jönsson var personen som det var vanskelegast å researche, av den enkle grunn at namnet hans er svært vanleg i Sverige. Ved eit tidleg googlesøk fann vi ein industriarbeidar og hobbyfotograf i Malmö som kunne passe i alder. På nettsidene til Malmö museer klikka vi oss gjennom bileta hans og såg at han hadde vore i Oslo. Vi fekk stjerner i augo. Tenk om han sat på ei gullgruve av ukjente foto av Monolitten?

Svaret frå Malmö museer var nedslåande. Deira Nils Jönsson var tekstilarbeidar og hadde inga tilknytning til Vigelandsparken.

På søk i Nasjonalbibliotekets avisdatabase dukka det opp ein dødsannonse for ein Nils Jönsson i 1947. Hadde vi no riktig mann? Det var vanskeleg å vite, for fødselsdatoen stod ikkje oppgitt. Igjen hadde vi berre namn, nasjonalitet og tidspunktet for arbeidet i Oslo å gå etter, og igjen blei nøkkelen dei kommunale folketeljingane i Oslo.

Søket på Nils Jönsson i Folketeljinga av 1923, gjort på same måte som med Broe, gav eit treff, og han var allereie her registrert som steinhoggar hos Vigeland. Vi fekk bekrefte fødselsdatoen, at han var ugift, og fødd i Sverige, men fleire spørsmål stod att. Hadde han etterkomarar?

Vi søkte i to slektsforskningsdatabasar som NRKs Researchsenter abonnerer på, nemleg Myheritage.no og Ancestry.se. Desse er særleg nyttige når ein skal søkje etter personar utanfor Noreg, men inneheld svært mange dokument, og det er ikkje alltid like lett å finne riktig person. Eit ope søk gir mange feilkjelder, fordi tenestene er brukarstyrt. Difor valde vi avansert søk og la inn så mange eksakte parameter som mogleg. Vi studerte primærkjeldene som var oppgitt og klikka oss vidare inn til desse via lenkene som var oppgitt, for å kvalitetssikre informasjonen.

Gjennom My Heritage fekk vi mellom anna treff på Nils Jönsson i [Svenske husholdningsundersøkelse](#), som tilsvarar dei norske folketeljingane. I Ancestry.se dukka fødselsmeldinga hans opp. Slik kunne vi dokumentere livet hans før han kom til Noreg. Hovudregisterkortet og skiftet som vi fekk etter innsynsførespurnad hos Arkivverket (på same måte som skildra med Broe) supplerte hans historie i Norge.

Via kjeldene i slektsforskningsdatabasane avdekkja vi at Jönsson ikkje hadde barn. Det var heller ingen nære slektningar igjen i live. For å skaffe meir informasjon om Jönsson, i mangel på direkte etterkomarar, tok vi difor kontakt med Höör kommune der han var fødd. Biblioteket i Höör bidrog med å leite fram bakgrunnsinformasjon om Jönsson som supplerte informasjonen vi hadde frå vårt researcharbeid.

3.3: Dansken

Karl Kjær skilte seg ut i flokken. I kraft av å seinare bli sjølvstendig kunstnar dukka han tidleg opp i søk i Nasjonalbibliotekets avisdatabase. Han hadde stilt opp på fleire intervju og hadde sin eigen artikkel i Norsk kunstnarleksikon med fødsels- og dødsdato. Slik fann vi lettare informasjon om han enn dei to andre.

I dødsannonsen i Nasjonalbibliotekets avisdatabase kunne vi sjå at han var gift, at han hadde barn og barnebarn, og levde eit langt liv. Her ville det vere ekstra verdifullt for oss å kome i kontakt med barnebarnet for å få fortalt familiens historie. Vi søkte opp namnet på barnebarnet frå dødsannonsen i Folkeregisteret og fann deretter telefonnummeret på 1881.no. Vi kontakta henne og avtalte eit intervju. Ho var glad for at vi kasta lys over bestefarens historie. Gjennom henne kom vi tett på dansken. Ho bidrog også med mange personlege fotos. Også denne etterkomaren nemnde ordet «steinlunge». Ho sa at bestefaren var bekymra for sjukdomen.

Gitt den utfyllande informasjonen barnebarnet kom med, hadde vi på dette tidspunktet ikkje behov for fleire digitale søk på dansken.

3.4: Djup research

Vi hadde no ein god del informasjon om steinhoggarane, men sat samtidig med nye spørsmål. For eksempel brukte vi ein god del tid på å finne informasjon om Ivar Broes skulegang. Etterkomarane meinte at han kunne ha gått Statens Kunst- og handverksskule, men dette utløyste nye spørsmål hos oss. Kor lenge gjekk han der, kva linje, kva karakterar fekk han? Det verka nesten litt usannsynleg at ein arbeidskar som han skulle hatt råd og moglegheit til å studere.

Vi kontakta først Kunsthøgskolen, men dei sat ikkje på register over elevar så langt tilbake i tid. Deretter spurde vi Norsk Billedhoggerforening og Nasjonalmuseet om dei kjente til eit arkiv der denne informasjonen kunne ligge, men utan å kome nærmare eit svar. Igjen vendte vi oss til Arkivverket, sidan Statens kunst- og handverksskule var statleg og dei fleste statlege institusjonar har avlevert arkiv til Arkivverket. Vi fekk ikkje treff i Digitalarkivet, men søkte i Arkivportalen, som har oversikt over fysisk materiale som Arkivverket sit på.

Når ein leitar her, nyttar det ikkje å søkje på enkeltnamn. Ein må vere kjent med korleis arkiva er bygd opp for å lukkast. Her er beste framgangsmåte å starte med å identifisere riktig arkiv først. Vi søkte på Statens kunst- og handverksskule og fann deira arkiv. Vi rekna oss fram til cirka årstal Ivar Broe kunne ha gått der, basert på informasjonen vi hadde om når familien flytta til Oslo, og når han byrja å jobbe som steinhoggar. Vi klikka oss gjennom arkivstrukturen på Arkivportalen og fann serie F, «Elevmateriale», med undermappa «Elevprotokoller». Protokollane var delt inn i

Arkivnummer	Periode
A-10583 - Statens håndverks- og kunstindustriskole(16)	1810-2005
SAC/A-10583	
01 - Arkivmateriale avlevert i 1986(12)	1810-1952
SAC/A-10583/01	
A - Møtebøker, forhandlingsprotokoller, årsberetninger og budsjettforslag(4)	1818-1951
SAC/A-10583/01/A	
B - Kopibøker(1)	1818-1937
SAC/A-10583/01/B	
C - Journaler og overgripende registre(1)	1822-1937
SAC/A-10583/01/C	
E - Sakarkiv (korrespondansarkiv)(2)	1818-1937
SAC/A-10583/01/E	
F - Elevmateriale(6)	1819-1946
SAC/A-10583/01/F	
Fa - Innskrivningsprotokoller(15)	1822-1938
SAC/A-10583/01/Fa	
Fb - Elevprotokoller(26)	1819-1940
SAC/A-10583/01/Fb	
L0001 - Elevprotokoller(5)	1819-1884
SAC/A-10583/01/Fb/L0001	
0001 - Elevprotokoll(0)	1819-1843
SAC/A-10583/01/Fb/L0001/0001	
0002 - Elevprotokoll, Dagskolen(0)	1869-1874
SAC/A-10583/01/Fb/L0001/0002	
0003 - Elevprotokoll(0)	1801-1882
SAC/A-10583/01/Fb/L0001/0003	

dag- og kveldsskule, samt ulike linjer. Vi visste ikkje om Broe hadde gått kveld eller dag, så vi bestilte begge deler til gjennomsyn. Etter å ha titta på litteratur om tidlegare Kunsthøgskolen fann vi ut at modellerlinja var mest relevant for steinhoggarar, vi bestilte difor også mappene om denne. Til saman bestilte vi 13 mapper til gjennomsyn på lesesal.

Etter nokre timar på Riksarkivet, der vi fysisk bladde oss gjennom protokollane, fann vi Ivar Broe skriven inn på modellerlinjas kveldsskule, og vi fekk oppgitt karakteren hans.

Men, karakteren 2+ sa oss ingenting. Dermed kontakta vi igjen faginstusjonane for hjelp, først Kunsthøgskolen, deretter Arkivverket for å finne ut kva karakteren betydde. Arkivverket undersøkte, basert på vår informasjon, sensurprotokollar i same arkiv, og konkluderte med at Ivar Broes karakter var nest beste. Denne opplysinga i seg sjølv bar ikkje saka åleine, men det var samansetninga av mange slike småopplysningar som til slutt gjorde at vi kunne teikne eit godt bilete av steinhoggarane.

4: Tematisk research

Parallelt med personresearchen jobba vi med å få innsikt i steinhoggaryrket anno 1930. Tanken var at vi slik kunne belyse utfordringar steinhoggarane stod i, og betre skildre korleis liva deira var. Samtidig var vi på jakt etter opplysningar om «våre» steinhoggarar i fagarkiva.

4.1: Oslo Byarkiv

Basert på tidlegare søk i samband med artikkelen om Edvard Munch visste Hagen at arkivet etter Oslo kommunes kunstsamlingar låg hos Oslo Byarkiv. Vigelandmuseet og Vigelandanlegget høyrde også innunder dette arkivet. Byarkivet har ingen søkemotor for arkivmaterialet på nett, men under arbeidet med Munch hadde Hagen fått tilsend ei oversikt over arkivet til Oslo kommunes kunstsamlingar. Slik kunne vi plukke ut referansar til spesifikke mapper, som vi sende Byarkivet på e-post og bad om å få sjå på lesesalen. Her leita vi generelt etter informasjon om steinhoggarane. I dette arkivet fann vi arbeidskontraktar og informasjon om arbeidstilhøve. Vi skulle seinare vende tilbake til Byarkivet i jakt på dødsårsak, sjå kapittel 5.2.

4.2: Arbeiderbevegelsens arkiv

Arbeiderbevegelsens arkiv ligg i LO-bygget på Youngstorget i Oslo. Vi ringte lesesalen og spurte etter kjelder som kunne kaste lys over yrkesgruppa steinhoggarar, og fekk opplyst at det fanst eit medlemsblad, «Stenarbeideren». Vi tenkte at steinhoggarane kanskje kunne ha sett inn annonser i bladet eller vere omtalt der, dermed bad vi om å få titte på medlemsblad på lesesalen.

Vi las medlemsblad frå byrjinga av 1900-talet og fram til 1947, i tidsrommet då steinhoggarane var yrkesaktive. Vi fann ikkje steinhoggarane med namn, anna enn ein bror av Ivar Broe som var fagforeiningsmann. Søket var likevel ikkje bortkasta. Gjennom «Stenarbeideren» fekk vi eit godt inntrykk av arbeidsutfordringar, lønsvilkår og det sosiale miljøet blant steinarbeidarar. Dette vart god bakgrunn når vi seinare skulle skildre liva til steinhoggarane.

4.2: Vigelandmuseets arkiv


Vigelandmuseet hadde ved første kontakt opplyst at det var lite informasjon om steinhoggarane i deira arkiv. Vi bad likevel om å få tittle på arkivet som er plassert i kontorlokala til museet. På dette tidspunktet hadde vi opparbeida oss nok forkunnskapar til å identifisere relevante namn og opplysningar ut av arkivmaterialet.

Vigelandmuseets arkiv viste seg å bestå av fleire ulike arkiv; etter arbeidsleiaren Poul Ferdinandsen, etter Vigeland og etter Vigelandskomiteen. Arkivet er sortert i boksar, tjukke bøker og kartotek, men ikkje søkbart på nett. Vi var difor prisgitt hjelp frå museet, som kjente til korleis arkivet var inndelt, samt at vi rett og slett måtte bla oss gjennom ein del materiale litt på måfå.

Museets konservator Guri Skuggen gjorde oss merksame på arkivet etter Poul Ferdinandsen, som var arbeidsleiar for parken. Her fann vi mellom anna eit brev frå Nils Jönsson, som var den som leia arbeidet med Monolitten. Han skreiv til Ferdinandsen om utfordringar i arbeidet. Vi fann også brev frå ein steinhoggar, Gustav Mod, som tidleg hadde jobba på Monolitten, men blei sjukmeldt med lungesjukdom.

Før Oslo kommune fekk ansvar for Vigelandsparken, var det ein privat komité, Vigelandskomiteen, som hadde ansvar for arbeidarane. Ved å bla gjennom deira arkiv, som også låg også hos

Vigelandmuseet, kunne vi faktisk spore korleis steinhoggarane hadde blitt hyra til å jobbe med Monolitten. I eit brev etterlyser Vigeland gode steinhoggarar. Vi blar vidare, så dukkar ein lapp med Ivar Broes adresse opp, nokon må ha tipsa om han. Deretter brevveksling mellom komiteen og Broe, der nordmannen blir tilbydd jobb. For dansken fann vi ein arbeidssøknad der han skildrar drivkrafta for å søkje jobb i Noreg hos Vigeland. Alle desse detaljane var nye funn.



Vi brukte ein del tid på å tyde den gamle løkkeskrifta, sidan ingenting av materialet var transkribert tidlegare. Konservator Guri Skuggen hjalp oss med enkelte opplysningar.

Det stemte altså ikkje som museet først hadde svart, at det ikkje låg informasjon om steinhoggarane i arkivet deira. Her ser vi viktigheita av å sjølv fysisk oppsøkje arkiv og leite, samt at dette peikar på ei utfordring i at museum sit som eigarar samtidig som dei har ansvar for å formidle historia til publikum. Her fann vi ei blindsoner, som får ein til å undre. Kva slags andre historier er det som ikkje er fortalt blant offentlege kulturinstitusjonar?

Fotosamlinga, derimot, låg søkbar på nettsida til museet. Konservator Skuggen forklarte oss at vi kunne søkje på ulike kategoriar av foto ved å bruke kodeord. Vi fann fleire foto av steinhoggarane med denne framgangsmåten. Då vi seinare bad om høgoppløyslege foto til publisering, blei vi bedne om å betale, noko vi stussa over sidan Vigelandmuseet er ein offentlig formidlingsinstans under Oslo kommune. Etter tilbakemelding let museet oss bruke fotoa utan betaling.

Vigelandmuseet svarte elles på enkelte spørsmål kring bygginga av Monolitten og Vigeland, samt gav oss omvising på museet og i bustaden til kunstnaren.

4.3: Besøk hos steinhoggeri

Vi hadde kome eit langt stykke i researchen når det gjaldt steinhoggarane og forståinga av yrket deira, men vi hadde eit problem. Vigeland påla sine arbeidrar teieplikt i åra dei jobba med parken. Dermed dukka det aldri opp noko dagbok som skildra arbeidsprosessen med Monolitten. Vi visste kvar dei budde, kva dei dreiv med på fritida, men vi sleit med å kome tett på korleis dei jobba med steinen dag ut og dag inn i 14 år. Korleis kunne vi fortelje historia då? Vi ville jo fortelje om steinhoggarane i kraft av at dei hadde laga *dette*.

Vi bestemte oss for å besøke Johansen monumenthuggeri i Skjeberg, eit av dei få slike som er igjen. Kva tenkjer steinhoggarane der om jobben dei gjer? Korleis er det å hogge stein kvar dag? Kva utfordringar møter ein? Besøket blei ekstremt viktig for å forstå korleis steinhogging føregjekk.

Vi fekk innføring i yrket av to generasjonar Johansen, far Øivind og dottera Vigdis, som no hadde tatt over, samt at vi såg dei tilsette steinhoggarane i aksjon. Dette resulterte i mange interessante tankar om korleis det er å jobbe med stein, tankar som vi aldri kunne ha lest oss til frå skrivebordet. For eksempel stammar denne skildringa i saka frå besøket i Skjeberg.

«Mange trur kanskje at det først og fremst er styrkje som skal til når du jobbar med stein, men brukar du berre kraft, har du tapt. Steinen er uansett sterkare enn deg. Du må vere smart, og ta omsyn til steinens indre liv. Han er samansett av ulike verkestoff, som gjer at han også har ulike sider. Ei side kan vere grei, medan ei anna er litt verre.»

4.5: Observasjon i Vigelandsparken

Eit stykke uti researchen tok Hagen turen til Vigelandsparken for å sjå om det utløyste nye tankar. Her gjorde ho ein observasjon som blei svært sentral i saka. Ved inngangen til parken stod nemleg ein stor bauta over Oslo kommune og investorar som hadde betalt for parken. På andre sida, ein bronsestatue over Gustav Vigeland, laga etter hans modell. Ingen stad var det spor å sjå etter steinhoggarane. Dette framstod som eit stort paradoks, når vi no hadde kunnskapen om deira rolle. Observasjonen blei brukt som ein punchline i saka for å løfte debatten om kven som har æra for eit kunstverk og kven som blir hugsa, sjå elles kapittel 7 om formidling.

Besøket hos steinhoggeriet og gåturen i Vigelandsparken viser viktigheita av å ta beina fatt og bruke observasjon som journalistisk metode også i historiske saker.

5: Dødsårsak

Vårt utgangspunkt var å finne ut kven steinhoggarane var for å gi eit nytt perspektiv på Monolitten. Etter kvart tok prosjektet ei ny retning: Kva skjedde med steinhoggarane?

Vi såg at to av tre steinhoggarar døydde få år etter at Monolitten stod ferdig. Gjennom skifteopplysningane såg vi at både Jönsson og Broe var lagt inn på Ullevål før dei døydde i 1947. Spørsmåla om steinlunge og død måtte besvarast.

Kunne det vere slik at ikkje berre hadde steinhoggarane blitt gløymt – dei hadde også ofra liv eller helse for den kjente skulpturen?

Vi var nysgjerrig på om dei døydde før snittet og bad Statistisk Sentralbyrå (SSB) om tal på forventa attståande levetid for menn. Vi fekk to tabellar, éin som tok utgangspunkt i [menn fødd i same tidsrom som steinhoggarane](#), og éin som tok utgangspunkt i [menn på deira alder i 1947](#). Her var det litt ulike måtar å rekne på, ifølgje ein saksbehandlar som vi snakka med på telefon, men for begge tabellar såg vi at steinhoggarane døydde før snittet.

Gravinga etter svar på dødsårsak tok etter kvart meir og meir plass i arbeidet vårt. Dersom ein eller fleire av steinhoggarane blei sjuke medan dei hogde ut eit av Noregs største prestisjeprosjekt, var det definitivt relevant for historia.

Det skulle ta lang tid å få svar.

5.1: Oslo universitetssjukehus

Vi fekk først opplyst at informasjonen om dødsårsak låg hos Oslo Byarkiv og at etterkomarane kunne søkje innsyn. Nevøen til Ivar Broe søkte dermed innsyn i onkelens pasientjournal. Etter to veker fekk han svar om at opplysningane ikkje låg hos Oslo Byarkiv, men hos Oslo universitetssjukehus (heretter OUS). Det viste seg at OUS ikkje hadde avlevert denne delen av arkivet til Oslo Byarkiv og difor ville behandle innsynsførespurnaden sjølv.

Nevøen sende så innsynsførespurnaden vidare til OUS, men fekk avslag. Grunngevinga var at han ikkje blei rekna som nærmaste pårørande og dermed ikkje hadde rett til innsyn. Nevøen sende så ein klage til OUS og spesifiserte at han berre ynskte innsyn i dødsårsak, ikkje heile journalen.

For Nils Jönsson hadde vi ingen etterkomarar som kunne søkje innsyn.

Vi bestemte oss sjølve for å søkje innsyn i Broe og Jönssons dødsårsak, og sende ein innsynsførespurnad til OUS der vi argumenterte for offentlegheitas interesse og tid gått sidan personens død.

5.2: Andre søk

I mellomtida undersøkte vi om det fanst andre inngangar til svar på dødsårsak og sjukdomshistorie. Hadde for eksempel nokre av steinhoggarane søkt Oslo kommune om yrkesskadeerstatning? Vi kontakta Oslo Byarkiv, som foreslo ulike mapper knytt til Vigelandsanlegget og Oslo kommune, men det viste seg at vi allereie hadde vore gjennom desse mappene, utan å finne dokumentasjon på det.

Vi sjekka også gravferdsprotokollar, i tilfelle opplysningar om dødsårsak kunne stå notert der. I kontakt med Gravferdsetaten fekk vi vite at dei gamle gravferdsprotokollane var avlevert til Oslo Byarkiv. Protokollane var sortert etter gravlundar. Vi sjekka bustadsadressene til steinhoggarane på Google maps og rekna oss fram til kva gravlundar dei mest sannsynleg kunne vere gravlagt på. Deretter bestilte vi opp personregister for tre gravlundar på Byarkivets lesesal og bladde oss gjennom på jakt etter Broe og Jönsson. Protokollane var organisert kronologisk etter gravferdsdato. Sidan vi visste dødsdato kunne vi bla oss fram til riktig tidsrom. Til slutt fann vi både Broe og Jönsson, men dessverre – ingen dødsårsak var notert bak namna.

5.3: Avslag frå OUS

Vi fekk raskt avslag på innsynsførespurnaden frå OUS, som meinte at det ikkje hadde samfunnsinteresse å få innsyn i dødsårsak eller avklare om personane døydde av silikose eller ikkje. Dei viste til at dersom opplysningane skulle ha samfunnsinteresse, måtte dei brukast til forskning eller kome fleire enn dei avdøde sine pårørande til gode. OUS såg med andre ord ikkje på journalistikken som noko som kom andre til gode. Dei meinte at omsynet til å bevare teieplikta om desse opplysningane vog tyngre enn omsynet til å utlevere opplysningane, og viste til [Helsepersonellova](#).

Vi klaga i fleire omgangar ved å vise til Offentleglova, Forvaltingslovas paragraf 13c om at 60 år teieplikt vanlegvis er tilstrekkeleg, samt unntak i Helsepersonellova, som OUS sjølv viste til. Ingen av klagene førte fram. Vi vil kome nærmare inn på dette i slutten av dette kapittelet.

5.4: Rikstrygdeverket

Sidan søknaden hos OUS ikkje hadde ført fram, tipsa Ingeborg Rygh Hjorthen i NRKs Researchsenter oss om at vi kanskje kunne finne svar ein annan stad, nemleg i mapper etter Rikstrygdeverket hos Arkivverket. Mappene inneheld register over silikosesaker og døde av silikose. Vi sende ein innsynsførespurnad der vi argumenterte for offentleg interesse og bad eksplisitt om innsyn i informasjon knytt til dei tre steinhoggarane, altså ikkje fullt innsyn i alt som var i mappene.

Ein måned seinare, i slutten av april, fekk vi svar frå Arkivverket. Dei hadde ikkje funne dokumentasjon på Broe og Jönsson, men to kort på dansken Karl Kjær i Rikstrygdeverkets arkiv som dokumenterte at han blei diagnostisert med silikose på 1960-talet, men at sjukdomen kunne ha inntreft før. Informasjonen blei vurdert som fritt tilgjengeleg av Arkivverket.

Dermed hadde vi dokumentasjon på at dansken hadde steinlunge. Vi hadde mistenkt at nordmannen og svensken hadde det, men dansken levde eit langt liv, så dette var overraskande for oss. Vi presenterte funnet for barnebarnet, som heller ikkje var klar over at bestefaren faktisk hadde steinlunge.

Ho søkte deretter innsyn i pasientjournal og dødsårsak hos Lovisenberg sjukehus der bestefaren døydde. Dette hadde vi ikkje gjort tidlegare fordi vi ikkje mistenkte silikose hos han. Med innsyn i danskens dødsårsak gjekk det greiare. Barnebarnet fekk svar. Han døydde av lungebetennelse.

5.5: Klage til Statsforvaltaren

Vi heldt fram med å leite etter svar på nordmannen og svensken. Både vi og nevøen til nordmannen hadde fått avslag i mange omgangar hos OUS og beskjed om at vi ifølgje Helsepersonellova ikkje hadde høve til å klage vidare. Likevel hadde nevøen send ein klage til Statsforvaltaren.

I mellomtida hadde artikkelen vår blitt plassert i publiseringsplanen til 1. mai, arbeidarane sin dag. Vi forsøkte å skrive artikkelen utan eit svar på dødsårsak, meir som ei generell historie om arbeidet med Monolitten, men ynskte framleis svar. Eit besøk på SKUP-konferansen i april hadde inspirert oss til å grave meir.

Heldigvis vart artikkelen flytta ut av publiseringsplanen nokre dagar før 1. mai. Redaksjonen hosta opp ein annan artikkel å ta ut og vi bestemte oss for å undersøkje vidare, samtidig som vi jobba parallelt med andre saker.

18. mai oppdaga vi at nevøens klage ved ein inkurie ikkje hadde ført fram til Statsforvaltaren, men låg ubehandla hos OUS. Han kontakta Statsforvaltaren, som svarte at det ikkje er mogleg å klage på avslag om innsyn dersom Helsepersonellovas paragraf 24 er oppgitt som grunngjeving, som i vårt tilfelle.

Vi tok ei ny runde med klage hos OUS, etter å ha spurt Norsk Presseforbunds Sindre Granly Meldalen og NRKs jurist Kari Anne Lang-Ree om råd. I klagen viste vi til at arkivmateriale normalt sett ikkje var underlagt teieplikt når det hadde gått 60 år, ifølgje Forvaltningslova §13c. I ny klage til OUS argumenterte vi for at vi bad om innsyn med Offentleglova i hand, og at vi difor burde kunne klage etter denne lova på vanleg måte.

Vi fekk eit nytt avslag, der vi igjen blei opplyst om at vi ikkje hadde lov til å klage på avgjerda, og at OUS såg på saka som avslutta.

Dermed stod både vi og nevøen utan klagemoglegheit vidare hos OUS og Statsforvaltaren. Å få svar på dødsårsak verka fjernt. Vi vurderte klage til Sivilombodet, men deadlinen nærma seg og ei klagebehandling kunne ta opptil tre månader. Vi var også usikre på om klagen ville føre fram, gitt at [Sivilombodet i 2016 konkluderte med at det ifølgje Helse- og omsorgsdepartementet ikkje var heimel for å klage på Helsepersonellovas paragraf 24.](#)

Etter siste runde med Ullevål vurderte vi å gi opp, publisere saka slik ho var, og rett og slett fastslå at vi ikkje kom nærmare å finne ut kva som skjedde med steinhoggarane. Likevel tok vi ei siste runde. Kunne opplysningane ligge ein annan stad?

5.6: Løysinga

Ei setning på Arkivverkets sider om slektsforskning sette oss på sporet av ei siste moglegheit. «Dødsfallsprotokollene til lensmannen kan også gi opplysninger om dødsårsak.»

Dette var ei kjelde vi ikkje hadde sjekka tidlegare, men vi måtte vite kva lensmannsarkiv vi skulle gå til. Vi visste at Broe og Jönsson døde på Ullevål sjukehus. I Arkivportalen søkte vi litt rundt i arkivet etter Oslo Politidistrikt og såg at Ullevål hadde eigen politistasjon i 1947, men vi visste ikkje om dødsfallprotokollane låg her, eller under politikontora til adressene dei var folkeregistrert på. Via å søkje på Google etter inndeling av politistasjonar i 1947 og sjekke desse opp mot adressene deira, fann vi ut kva politistasjonar bustadsadressene sokna til. I Arkivportalen hadde vi likevel vanskar med å finne dei rette politikontora. Oslo Politidistrikt og -kammer har skifta namn mange gongar, dessutan har enkelte delar av det som i dag er Oslo tidlegare høyrte til Aker kommune. Vi enda opp med å sende ein førespurnad til Arkivverket der vi forklarte kva vi var på jakt etter og viste til informasjonen vi hadde leita fram. Samtidig la vi til at vi ønskte innsyn i dødsårsak hos Jönsson og Broe.

Berre få dagar seinare fekk vi bingo. Svaret låg ikkje i politiarkiva, men Arkivverket hadde funne dødsmeldingane i arkivet etter Statistisk Sentralbyrås befolkningsoversikt, og vi fekk dei utlevert på PDF.

Legeerklæring om dødsfall. 61 år

Blanketten utfylles i samsvar med veileidingen på annen side og leveres rekvirenten (den som har plikt til å melde dødsfallet) i forseglet konvolutt adressert i bysne til skifteretten og på landet til lensmannen på dødsstedet.

1. Den dodes fulle navn: *Nils Jönsson*

2. Kjønn: mann — ~~kvinn~~ (stryk det som ikke passer).

3. Fødselsdag: *19* måned *2* år *86*.

4. Dødsdag: *10* måned *4* år *44*.

5. Gift — ugift — enkemann — enke — skilt: *Ugift*.

6. For barn under 2 år: født i eller utenfor ekteskap:

7. Livsstilling (i tilfelle forsørgjeres): *Slektningenes hns Nigland*

8. Fødested (søkn og herred, by): *Blöv i Skåne*

9. Bosted (se veileidingen på annen side, punkt 9): *Yoko. Prinsggt. 12 III*

10. Dødssted: *Alleväl sjukhus. Avd. I*

11. Den døde har vært behandlet under siste sykdom av: *Antelingshus legor.*

Dødsårsak: Hovedårsak:*) <i>Tumor pulmonum</i>	Sykdommens varighet <i>7 1/2</i>	Nomenklaturnummer*) <i>1512</i>
Medvirkende årsaker: <i>Arteria sclerotica.</i>	1942.	
	1946.	

*) Om bruk av nomenklaturnummer istedenfor sykdommens navn — se veileidingen på annen side, punkt 12.

Undertegnede lege som har behandlet den døde under den siste sykdom*) og har synet liket, erklærer herved at dødsårsaken er den ovenfor anførte.

Alleväl den *10/4-44*

NB! Den lege som utsteder erklæringen, må ha synet liket.

Etter å ha tyda den snirklete løkkeskrifta med hjelp frå ein kollega på Researchsenteret fann vi ut at Broe og Jönsson var diagnostisert med kvar sin krefttype. Vi såg at vi trengte hjelp frå medisinske ekspertar for å vurdere om diagnosane var knytt til steinhogginga.

5.7: Medisinske ekspertar

Vi hadde no dødsårsak på alle tre steinhoggarane, samt diagnose steinlunge på éin av dei. Spørsmålet var om dødsårsak og sjukdom hadde

samanheng med hogginga av Monolitten? Kor langt kunne vi kome i å utelukke eller fastslå det? Vi ynskte objektive vurderingar som kunne hjelpe oss å vekte sjukdom og død i forteljinga.

Via nettsøk på faginstusjonar som Universitetet i Oslo og Statens arbeidsmiljøinstitutt fann vi fram til tre ekspertar på arbeidsmedisin og lungekreft som sa ja til å titte på informasjonen og vurdere opplysningane. Vi sende eit dokument med dei same spørsmåla til alle ekspertane.

1. Med det vi veit, kan dødsårsaka vere yrkesrelatert?
2. Kor sannsynleg er det?
3. Kva andre årsaker kan ligge bak sjukdomen / dødsfallet?

Løysinga blei å presentere dokumentasjonen vi hadde saman med vurderingane frå ekspertane og vere open om det vi ikkje visste, slik at lesaren sjølv kunne danne seg eit inntrykk.

Slik sannsynleggjorde vi at arbeidet med Monolitten hadde helsemessige konsekvensar for steinhoggarane. Dette var eit heilt nytt funn.

5.8: Eit spørsmål av prinsipiell interesse

Gjennom denne prosessen lærte vi at avlevering av arkiv kan vere avgjerande for om offentlegheita får innsyn. OUS brukte Helsepersonellova når dei gav oss avslag på innsynsførespurnad, utan å forholde seg til våre argument basert på Offentleg- og Forvaltingslova. Hadde arkivet etter OUS vore overlevert Oslo Byarkiv, for eksempel, hadde ikkje Helsepersonellova vore gjeldande for saksbehandlaren.

Arkivverket vurderte opplysningane om dødsårsak som ope tilgjengeleg.

Vi ser i ettertid at i liknande saker bør ein gå rett til Statistisk Sentralbyrås arkiv i Arkivverket først for å søkje svar, før ein kontaktar sjukehus, for ein mest mogleg effektiv saksgang. Samtidig ville vi eigentleg ikkje ha vore rundane med OUS forutan, fordi lærdomen set fokus på eit viktig prinsipielt spørsmål når det gjeld

arkivtilgang. Er det riktig at helseinstitusjonar på denne måten skyv Helsepersonellova framfor Offentleglova og Forvaltingslova når det gjeld tilgang til arkivopplysningar eldre enn 60 år? Er lova meint å brukast på denne måten? Burde det vere strengare krav til kva arkiv som blir overlevert Arkivverket og Byarkivet, eller skal institusjonane få bestemme dette heilt sjølv? I teorien kan ein risikere at opplysningar som er viktige for offentlegheita å få innsyn i, aldri blir kjent.

Vi stussa på at eit delvis innsyn ikkje blei vurdert. Vi fekk heller ikkje noko kjensle av at det var utført skjønnsmessig vurdering av opplysningane, slik lova krev.

6: Etikk og faktasjekk

Dei etiske vurderingane gjekk spesielt på personomsyn, samt kva vi kunne seie om samanheng mellom arbeid, sjukdom og død.

6.1: Ville dei bli kjent?

I arbeidet med saka tenkte vi på om steinhoggarane ynskte merksemd om seg sjølv. Historisk sett var rolla deira å stå i bakgrunnen av kunstnaren. Argumenta for å likevel fortelje deira historie var basert på dokumentasjon, offentlegheitas interesse og synspunkta til slektningane.

Vi såg at steinhoggarane i offentlege papir signerte som Vigelands steinhoggarar, og blei omtalt som dette i dødsannonsar, noko som peiker mot at dei kan ha ynskt si rolle kjent. Spesielt dansken stilte opp i avisintervju om Monolitten og Vigeland seinare i livet.

Både slektningane til Ivar Broe, samt barnebarnet til Karl Kjær, argumenterte for offentleggjering og meinte at slektningane ville ha ynskt det. Barnebarnet la vekt på at bestefaren var stolt av arbeidet med Monolitten og hadde velvillig fortalt om dette til turistar då han dreiv kiosk i parken på 1960-talet.

Vi meinte at historia var viktig og relevant å fortelje frå eit samfunnsperspektiv. Monolitten er del av ein offentlig park, finansiert av Oslo kommune som hadde arbeidsgjevaransvar for steinhoggarane.

Ei rettesnor undervegs i arbeidet blei å finne ut mest mogleg om steinhoggarane, men så vurdere totalen av dei personlege opplysningane vi publiserte. Her tok vi utgangspunkt i Ver Varsam-plakatens punkt 4.3, som seier «Fremhev ikke personlige og private forhold når dette er saken uvedkommende».

Spesielt dødsårsak og sjukdom måtte vurderast opp mot dette punktet.

6.2: Diagnostisering av 80 år gamle dødsfall

Kva kunne vi slå fast når det gjaldt samanheng mellom arbeidet på Monolitten, dødsårsak og sjukdom? Her vurderte vi nøye fram og tilbake kor langt vi kunne gå i historieforteljinga, og kva dokumentasjonen fortalde oss.

Sidan opplysningane låg nesten 80 år tilbake i tid, måtte vi kunne rekne med både feildiagnostisering og manglande dokumentasjon som moglegheiter. Som tidlegare skildra kontakta vi legar for å få vurdert sannsynet av ein samanheng mellom arbeidet, sjukdommane og dødsårsak.

Totalen av vurderingane vi sat igjen med, peikte i retning av at for i alle fall éin av steinhoggarane, så hadde steinhogging hatt innverknad på helsa, og det var heller ikkje utelukka for dei andre. Dermed var det relevant å omtale dødsårsak og sjukdom som ein del av historia til steinhoggarane, men det blei viktig å ta atterhald og vere open om kva dokumentasjon vi hadde og kva som var usikkert.

Ut frå ei samla vurdering, basert på slektningane sine synspunkt, opplysningane sin natur og tid gått sidan steinhoggarane døydde vege opp mot samfunnsinteresse, valde vi å publisere historia med dødsårsak og sjukdomsforløp.

Det spelte inn i vurderinga at verken steinlunge eller kreft generelt er oppfatta som tabu, samt at det var godt kjent i offentlegheita at steinhoggarar som yrkesgruppe sleit med desse sjukdomane. Dessutan låg opplysningane til sist fritt tilgjengeleg i Arkivverket.

Redaksjonssjef Helene Hillestad vurderte det slik at dette ikkje utløyste samtidig imøtegang frå Oslo kommune sidan forholda låg langt tilbake i tid. Kommunen skulle heller kontaktast i oppfølgingsaker.

6.3: Faktasjekk

Artikkelen vart send til Broe-slektningane og Kjærs barnebarn før publisering, med tanke på å kvalitetssikre personlege opplysningar. Vi sende også teksten til leiar av Idd og Enningdalen historielag, Svein Norheim, og Øivind Johansen i Johansen monumenthoggeri som såg over den tekniske omtalen av steinhogginga. Enkelte opplysningar blei faktasjekka med Vigelandmuseet.

I tillegg dobbeltsjekka vi alt av tal og formuleringar opp mot dokumentasjonen. Ekspertane fekk lese gjennom sine sitat. Rundane med faktasjekk var nyttige, og bidrog til at spesielt alt av teknisk informasjon om steinhogginga blei riktig. Vi valde å samle alle kjeldene i ei kjeldeliste nedst.

7: Formidling

For at funna skulle bety noko, måtte formidlinga treffe. Slik jobba vi visuelt og tekstleg med å få til det.

7.1: Visuelt

Vi ville gi publikum også eit nytt visuelt blick på Monolitten, dette gjorde vi ved bruk av drone. Ideen kom basert på historiske foto vi hadde frå opninga av Monolitten i 1943. Då stod det ei trapp ved sidan av den ferdige skulpturen, slik at publikum kunne klatre opp og studere meisterverket frå alle vinklar. I dag ser vi vanlegvis berre Monolitten nedanfrå. Ved bruk av drone kunne vi fysisk gi eit nytt perspektiv på skulpturen.

Dåverande prosjektleiar Ragnhild Laukholm Sandvik søkte om løyve frå Kulturetaten til å filme med drone i Vigelandsparken og NRK Luftfoto blei kopla på. Ein vårdag i april drog vi ut for å filme Monolitten ovanfrå. I toppen oppdaga vi ein skulptur vi aldri hadde sett før – ei jente som såg opp mot himmelen, der alle dei andre skulpturane såg ned.

I tillegg dokumenterte stillsfotograf Nima Taheri Monolittens enorme detaljrikdom.

7.2: Frå leksikon til historie

Utfordringa ved å bruke ein utforskande metode er at ein del av det du brukar tid på, viser seg å til slutt vere irrelevant i forteljinga du endar opp med. Dette hadde starta som eit deskriptivt prosjekt der målet var å finne ut kven steinhoggarane var. No måtte vi forme den leksikonaktige researchen til ei historie som skulle oppfylle målet vi hadde sett oss, nemleg endre perspektiv på ein viktig del av norsk kulturhistorie. For å få til dette, måtte personane leve og puste, og steinen måtte ta form framfor augo på lesaren. Prosjektet måtte gå frå å vere mange deskriptive opplysningar om tre personar til å bli ei samanhengande forteljing med *handling*.

Undervegs i arbeidet hadde motoren vår vore: Kven var steinhoggarane? Med det vi visste no, blei motoren i artikkelen: Kva skjedde med steinhoggarane?

Artikkelen skulle fungere på to plan. Du skulle få vite konkret kva som skjedde med steinhoggarane gjennom nye funn, samtidig som du skulle reflektere over det større spørsmålet, kven som hadde æra.

Samtidig måtte vi gå utifrå at dei aller fleste lesarane kunne lite eller ingenting om steinindustrien. Her kom den tematiske researchen frå besøk på steinhoggeri og innblikk i medlemsbladet «Stenarbeideren» verkeleg til nytte. Skribenten brukte sin eigen læringsprosess i skrivinga. Gleda ved å oppleve steinens indre liv levandegjorde språket og forteljinga.

7.3: Éi forteljing kontra publiseringsløp

Som featureredaksjon var det naturleg for oss å tenkje at historia skulle skrivast i éin artikkel, som ei spanande og levande forteljing om steinhoggarane. Dette svarar til bestillinga vår, som er ei langlesing på NRK.no kvar søndag. I tillegg publiserte vi [ein oppfølgjar](#), i samarbeid med nyheitsredaksjonen, som tok opp debatten om eit minnesmerke, med svar frå Vigelandmuseet på vegner av Oslo kommune. Saka kom også i [Dagsrevyen](#) og på radio i [Nyhetsmorgen](#) og [P2 Pulsen](#).

Kor godt fungerte dette publiseringsløpet? Ved å skrive saka som éi forteljing, heller enn ein tradisjonell nyheitsreportasje, trur vi at skjebnane til steinhoggarane treffe lesarane sterkare. På den andre sida kunne eit løp med fleire oppfølgjarar sett større fokus på uretten som var gjort og ført til fleire konsekvensar. Lærdomen til neste gong er at vi i større grad bør halde i oppfølging sjølv og ha ein plan for dette før hovudsaka går ut.

Vi har likevel tru på at saka får eit langsiktig avtrykk.

8: Konsekvensar

Den store konsekvensen av publiseringa er at steinhoggarane no har ein plass i historia om Monolitten, 80 år etter at han stod ferdig i Vigelandsparken.

- Artikkelen har 355.973 sidevisningar med over 5 minutt brukt i snitt (per 9. januar 2023), som betyr at snittet av lesarar har lese heile artikkelen.
- Sidan publisering 3. juli har vi mottatt rundt 300 e-postar. Poenget som går igjen i tilbakemeldingane er at folk no ser Vigelandsparken og Monolitten i eit heilt nytt lys. Tankane går for første gong til steinhoggarane.

- Store Norske Leksikon vurderer å inkludere steinhoggarane i sin artikkel om Monolitten.
- Etter at saka blei publisert [på engelsk](#), har også internasjonale turistar tatt kontakt og takka for at informasjonen blei tilgjengeleg, sidan han ikkje finst i parken.
- Artikkelen blei delt i [Svenska Dagbladets nyheitsbrev](#). Fleire svenskar har også tatt kontakt på e-post.
- Den svenske kommunen Höör har meldt at dei jobbar med å sette opp eit minnesmerke over Nils Jönsson.
- Vigelandmuseet rapporterer at dei har fått mange spørsmål rundt tematikken av besøkande. [Dei seier at dei vil bli betre på å formidle om steinhoggarane på nett og gjennom utstillingar](#).
- Økomuseum Grenseland, eit museum i Halden ved brotet der monolittsteinen kom frå, har inkludert artikkelen i sine utstillingar, det same har Steinhoggermuseet i Oslo.
- Etterkomarane har lært mykje nytt om slektningane sine. Dei er glade for at historia blei fortald.
- Mange lesarar har etterspurt eit minnesmerke over steinhoggarane, og saka har skapt debatt om kven som burde få æra for eit kunstverk. Per i dag har ikkje eit minnesmerke blitt sett opp, men Vigelandmuseet uttalte til NRK at «det kanskje kunne vært noe», dersom dei forska meir på arbeidarane først.
- Informasjonen har også blitt kjent i lokalavisene Halden Arbeiderblad og Lindesnes Avis, der Monolitt-steinene og Vigeland kom frå.
- [Wikipedia](#) er oppdatert med informasjon om steinhoggarane.

Eit halvt år etter publisering spreier kunnskapen seg stadig, og etter dette vil det vere vanskeleg å forbigå steinhoggarane når ein fortel historia om Monolitten og Vigeland. Denne journalistikken er ei viktig motvekt og utdjuping til jobben som museum, biografar og kunsthistorikarar gjer. Spesielt der kunstnaren er så tett knytt opp mot ein offentleg institusjon som det Vigeland er med Oslo kommune. Museum er offentlege instansar med formidlingsansvar, men sit også som eigarar av verka. Denne strukturen er ei utfordring som kan gjere at enkelte historier ikkje kjem fram, og her må journalistikken føre kontroll og bidra med nye perspektiv. Kulturarven er vår felles, han høyrer ikkje berre til musea.

Vedlegg:

Publiseringsoversikt:

Hovudartikkel: <https://www.nrk.no/kultur/xl/i-skuggen-av-gustav-vigeland-brukte-tre-steinhoggarar-14-ar-pa-monolitten-1.15940146>

Oppfølging: «Jobbet i 14 år med Monolitten. Nå vil flere at de skal få minnesmerke.»
<https://www.nrk.no/kultur/jobbet-i-14-ar-med-monolitten.-na-vil-flere-at-de-skal-fa-minnesmerke.-1.16028134>

Dagsrevyen: <https://tv.nrk.no/se?v=NNFA19071122&t=1167s>

Nyhetsmorgen:

<https://radio.nrk.no/serie/nyhetsmorgen/sesong/202207/NPUB32013622#t=49m23s>

P2 Pulsen: <https://radio.nrk.no/serie/p2-pulsen/sesong/202207/MKAK11001122#t=17m48s>

Engelsk omsetjing: <https://www.nrk.no/kultur/xl/the-secret-story-behind-norway-s-most-popular-tourist-attraction-the-monolith-1.16035304>